Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. 36. Helsing, fakter og åtferd. Herad: Naustdal

Emne: Bygdelag: Sunnfjord

Oppskr. av: Elias Ingvaldson Solheim 7-5-1883- Gard: Solheim

(adresse): Naustdal Sunnfjord G.nr. 106 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Maatar aa refse folk paa.
A. Ved ymse hove.

1. Paa slaatteteigen stod kar og kvinne jamsis og slo paa smaaböen med stuttorv. Daa eg fyrst skulde paa vera med minnest eg det vart sagt at „no maa du agta deg so du ikkje vert sett paa holme". Kva som var meint med dette aa verta sett paa holme, minnest eg ikkje vart sagt noko um.

Til sjaa lie var det so at du plagdest med noko av slaattemarki som var ugreid, so det gjekk seint og dei paa baae sidur gjekk framum og kunde slaa i hop um dei vilde so, og du sto att paa ein holme. Det kunde vera ein nybyning eller andre som ikkje fekk det so godt lie med ljåen. Drengen og terna kunde apast med dette minnest eg, og kunde gjera kvardre prettar soleis naar det hövde seg.

Um der laag noko serleg meining i dette fraa gamalt aa verta sett paa holme, minnest eg ikkje noko um; men det skulde ikkje undre meg.

Kan og vera det betre var aa syna at han var ein våte med ljåen

14396

I aakeren var det mindre av dette. Der hende det at ein sette seg sjölv paa holme avdi aakren var ugreid og laag i tveril so ein maatte skjera rundt til alle kantar skulde ein koma pent i fraa det. Men det var sagte tale um aa verta sett paa holme der og; men lite eller inkje brukt det eg minnest.

2. Paalar og stokkar langs veggen og dörer til karar som var ute eller mid nott skjærtorsdagen langfredagen eller andre vesse netter?

Til dette spurgsmaalet maa eg svara at eg ikkje minnast noko slikt her.

3. Ymse skog til jol?

Dette kan eg ikkje svara anna paa enn at det er ukjendt for meg her i kring.

B. Setje ut namn paa folk.

4. Kva kalla ein folk som gjekk paa gjesting i joledag?

Kan ikkje minnast namn eller ordlag som var brukte i slike höve.

Folk skulde ikkje gaa til kvarandre i joledag men vera heime kvar hjaa seg. Det var berre til kyrkje dei for, Soleis er det no og.

Braut nokon med dette so er det truleg dei fekk eit ut nemne; men eg kan ikkje minnast at eg höyrde noko um det.

5. Kva sa ein um folk som ikkje fekk noko nytt plagg til jol?

Svar: Minnest det ikkje.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14396

6. Andre ūtnemne paa folk som ikkje gjorde det dei skūlde etter vis og vane eller ikkje vann fram til det dei vilde og skūlde?

„Han er ein vaale". „Dei er nokre vaala". „Dei fær aat som nokre vaala". So vart sagt, og vert sagt no og, og er vel meir aalment aa kalla.

Det kūnde vera andre ūtnemne som eg ikkje minnast.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14396